



SKULEREGLAR

Formål

Formålet med skulereglane er å ivareta kravet om eit miljø som fremjar helse, trivsel, inkludering og læring, jfr. § 12,2 i Opplæringslova. Vi har nulltoleranse mot mobbing. Skulereglane skal også sørge for god læringsaktivitet på skulen i tråd med Opplæringslova, og at vi tek vare på både private eigedelar og skulen sine eigedelar og eigedom. Skulereglane gjeld i alle skulen sine aktivitetar og på veg til og frå skulen.

Åtferd

- Alle på skulen skal møte kvarandre på ein venleg og respektfull måte. Vi er høflege og omsynsfulle mot kvarandre.
- Det skal ikkje utøvast farleg leik (m.a. snøballkasting), vald eller setjast fram truslar mot nokon. Elevar skal rapportere vidare til lærarane når det oppstår vald- eller trusselsituasjonar på skulen.
- Det er totalforbod mot røyk (også el-sigarettar, waping o.a.), snus og alle andre former for rusmiddel på skulen sitt område og i skuletida.
- Elevane skal ikkje uroe undervisninga.

Orden

- Alle møter førebudd, presis og har med seg naudsynt utstyr og læremiddel.
- Alle elevar skal delta aktivt i dei undervisningsaktivitetane skulen legg opp til.
- Ein skal ikkje opphalde seg i gangen, på toalettet eller i kantina.
- Inne på skulen skal elevane vere rolege. I friminutta oppheld ein seg anten ute eller i kantina. Med unntak av dei første 20 minutta av matfriminuttet, vil klasseromma vere stengde.
- Yttertøy og utesko skal vere i gangen. Det er lov med hovudplagg i klasserommet.
- Det er ikkje lov å ete «snop» (definert som alle typar godteri, is, brus, energidrikk, snacks og liknande) på skulen. Tyggegummi er lov.
- Kvar elev har ansvar for at det alltid er fint og ryddig rundt eigen arbeidsplass.
- Elevar skal alltid rydde etter seg før dei forlet eit areal.
- Det er ikkje lov å bruke mobiltelefonar og anna elektronisk utstyr i skuletida frå 08.50-14.20, med unntak etter særskild avtale med lærar. Ved brot på reglane skal mobiltelefonen inndragast. Han blir levert ut att etter siste time- same dag. I skuletida skal mobiltelefonane låsast inn i mobilhotell/låsbart skåp i klasserommet.
- Skulen er ikkje ansvarleg for verdisaker som elevane tek med seg på skulen.
- Elevane har ikkje høve til å forlate skulen sitt område utan etter avtale med lærar.
- Det er ikkje lov å bruke brett og sykklar i skulegarden. Ballspel slik som fotball, volleyball, basket skal gå føre seg på dei områda som er tilrettelagt for slikt.

Sanksjonar

Skulereglane legg grunnlaget for vurderinga i orden og åtferd. Sjølv om enkelthendingar berre i særskilde alvorlege tilfelle vil føre til nedsett karakter, vil gjentekne brot kunne føre til at eleven får nedsett karakter i orden og/eller åtferd. Høgt fråvær vil også kunne føre til nedsett karakter i enten orden eller åtferd (jfr. §9-4 og §9-7 i Opplæringsforskrifta).

Skulen har fleire ulike sanksjonar som kan nyttast ved brot på ordensreglane:

Tilsnakk, merknad, melding heim og bortvisning frå undervisning i inntil tre dagar (jfr. Opplæringslova § 13-1 og § 7-3 i "Forskrift om Skulereglar for Grunnskulen i Sykkylven kommune"). Kva for sanksjonar som vert nytta vil avhenge av alvorlighetsgraden i situasjonen. Vedkomande erstatningsansvar: Viser til "Forskrift om skulereglar for Grunnskulen i Sykkylven" §7,6.

Revidert 12.8.24 etter ny Opplæringslov 1.8.24.